

**Hadde hendene fulle av tjuvegods**

25.02.2012

**Politiet har avslørt eit hytte-tjuveri etterat eit vitne i Uskedalen reagerte på at ein mann og ei kvinne kom berande på mange spesielle gjenstandar,**

**Politiet vart tipsa og då dei kom til staden viste det seg at tinga stamma frå eit nyleg tjuveri i ei hytte i nærleiken,  
I hytta har det skjedd liknande innbrot tidlegare.**

Dei to vart pågripne, sendt til arresten i Odda og var i avhøyr i går fredag,

Den eine har ei rekkje uoppgjorte sakr med politiet og varetekt blir vurdert,

Politiet går gjennom tjuvegodsset for å finna ut om noko av det stammar frå andre innbrot.